

# Retningslinjer for sal og skjenking av alkoholholdige drikkevarer

Løyveperioden 2024 - 2028

Høringsdato 26.07.2024

Kommunedirektøren

## Innhaldsliste:

<b>1. Retningslinjenes føremål.....</b>	<b>4</b>
<b>2. Overordna ansvar og delegering av avgjerdsrett.....</b>	<b>4</b>
<b>3. Desse får ikkje tildelt fast løyve.....</b>	<b>5</b>
3.1. <i>Konsept.....</i>	<i>5</i>
3.2. <i>Lokale med aktivitet retta mot barn og unge, samt arbeidsplassar.....</i>	<i>6</i>
<b>4. Tildeling av sals- og skjenkeløyve.....</b>	<b>6</b>
4.1 <i>Bevillingsperioden.....</i>	<i>6</i>
4.2 <i>Fyrstegongs løyve.....</i>	<i>7</i>
4.3 <i>Løyve i kjøpesenter.....</i>	<i>7</i>
4.4 <i>Institusjonar.....</i>	<i>7</i>
4.5 <i>Tilreisande fartøy.....</i>	<i>8</i>
4.6 <i>Vilkår som gjeld for både faste sals- og skjenkeløyve.....</i>	<i>8</i>
<b>5. Salsløyve.....</b>	<b>9</b>
5.1 <i>Vilkår som gjeld for faste salsløyve i løyveperioden.....</i>	<i>9</i>
5.2 <i>Sal av alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 (høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent).....</i>	<i>10</i>
<b>6. Skjenkeløyve.....</b>	<b>10</b>
6.1 <i>Vilkår som gjeld for faste skjenkeløyve i løyveperioden.....</i>	<i>10</i>
6.2 <i>Vilkår som gjeld for utandørs skjenking i løyveperioden.....</i>	<i>12</i>
6.3. <i>Konsept, og vilkår knytt til konsept a i løyveperioden.....</i>	<i>13</i>
6.4 <i>Utvida skjenkeløyve.....</i>	<i>13</i>
<b>7. Skjenkeløyve for eitt enkelt høve.....</b>	<b>14</b>
7.1 <i>Vilkår knytt til arrangementet.....</i>	<i>14</i>
7.2. <i>Ambulerande skjenkeløyve.....</i>	<i>15</i>
7.3 <i>Avgrensing knytt til enkeltløyve.....</i>	<i>16</i>
<b>8. Årsavgift for faste løyve, og gebyr for enkeltløyve.....</b>	<b>16</b>
8.1 <i>Utrekning av årsgebyr.....</i>	<i>16</i>
8.2. <i>Gebyr for enkeltløyve.....</i>	<i>17</i>

8.3. Ambulerande skjenkeløyve .....	18
<b>9. Sakshandsamingstid.....</b>	<b>18</b>
9.1. Pårekna sakshandsamingstid for ulike sals- og skjenkeløyve.....	18
<b>10. Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve .....</b>	<b>19</b>
10.1. Rapportering .....	19
<b>11. Ved brot på alkohollovregelverket .....</b>	<b>20</b>

# 1. Retningslinjenes føremål

Alkohollova opnar for at kommunen kan utarbeide lokale retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve for å regulera løyvepolitikken sin og fremja folkehelsa i kommunen.

Retningslinjene skal legge premissane for en god handtering av kommunen sin alkoholpolitikk innafor lovverket sine rammer, og sikre at omsetnaden går føre seg i forsvarlege former.

Det er eit mål er at kommunen sin løyvepolitikk skal vera balansert mellom alkohollova sitt føremål om å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholforbruk kan føra til, og næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.

Omsynet til folkehelsa skal vega tyngre enn næringspolitiske argument.

# 2. Overordna ansvar og delegering av avgjerdsrett

Det lokale forvaltningsansvaret etter alkohollova ligg til kommunestyret så langt ikkje anna er fastsett i desse retningslinjene eller i det kommunale delegeringsreglementet.

## Formannskapet

Formannskapet har i samsvar med desse retningslinjene og innafor dei rammene som ligg i Alkohollova, Kommunelova og det kommunale delegeringsreglementet, fullmakt til å gjera vedtak i alle enkeltsaker som gjeld sal og skjenking av alkoholholdige drikkevarer. Fullmakta omfattar og rett til å inndra løyve for kortare eller lengre tid.

## Kommunedirektøren

Kommunedirektøren har innafor dette reglementet og rammene i Kommunelova og det kommunale delegeringsreglementet fullmakt til å avgjera søknader om/ gjera vedtak om:

- Løyve til sal av alkoholholdige drikkevarer gruppe 1
- Skjenkeløyve for eit einskild høve (jf. kap. 7 i desse retningslinjene)
- Ambulerande skjenkeløyve (jf. [Alkohollova § 4-5](#) og kap. 8.3 i desse retningslinjene)
- Godkjenning av personar ved skifte av styrar/reservestyrar
- Reaksjonar for påvist lovbrøt/ brøt på dette reglementet eller plikter som fylgjer av vilkår i løyvet jf [alkohollova § 1-8](#) og tilhøyrande forskrift.

- Kommunedirektøren sine fullmakter kan delegerast vidare i samsvar med rammene i Kommunelova og det kommunale delegeringsreglementet.
- Formannskapet skal informerast dersom kommunedirektøren gjer vedtak om inndraging av løyve.

## 3. Desse får ikkje tildelt fast løyve

Kommune har eit vidt høve til å nytte skjønn, noko som kan føra til at utfallet av ein søknad kan variera frå kommune til kommune. Omsyn kommunen må ta ved handsaming av søknad om sals- eller skjenkeløyve er mellom anna utfordringar knytt til kontroll med utlevering av alkoholhaldig drikk. Kommunen står fritt til å avslå søknader frå aktørar som ønskjer å drive med ei verksemd som kommune ikkje ynskjer.

### 3.1. Konsept

#### 1. Ubemanna sal

I tråd med lova og for å sikra forsvarleg kontroll med og ei forsvarleg utlevering av alkoholhaldig drikk, vert det i Bømlo kommune ikkje tildelt salsløyve til ubemanna sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1.

#### 2. Nettsal

For å avgrense tilgang til alkoholhaldig drikk og førebyggje dei skader som alkoholbruk kan føra til, samt sikra ei forsvarleg utøving og gjennomføra god kontroll med salsløyva, tildeler Bømlo kommune ikkje salsløyve for nettsal av alkoholgruppe 1.

#### 3. Fastfood og sjølvbetening

Bensinstasjonar, kioskar/storkioskar kan ikkje få salsløyve jf. [alkohollova § 3-8](#) og [alkoholforskrifta § 3-4](#). For å sikra forsvarleg utøving med løyvet, og skapa gode og alkoholfrie opphaldsareal/sonar på stader der barn og unge ofte oppheld seg, tildeler Bømlo kommune

ikkje skjenkeløyve til serveringsstader med sjølvbetening og servering av fastfood som t.d. gatekjøkken, storkioskar, bensinstasjonar, foodtrucks, matvogner og liknande.

### **3.2. Lokale med aktivitet retta mot barn og unge, samt arbeidsplassar**

For å avgrensa tilgjenge på alkohol på arbeidsplassar og skapa gode og alkoholfrie opphaldsareal/sonar på stadar der barn og unge ofte oppheld seg, vil følgjande stader ikkje få tildelt fast skjenkeløyve i Bømlo kommune:

- Skule- og barnehagebygg
- Idrettshallar og idrettsanlegg
- Kantiner på arbeidsplassar
- Andre lokale der aktivitetar for barn og unge utgjør ein større del av tilbodet.

Det kan likevel etter ei konkret heilskapsvurdering bli gjeve enkeltløyve for alkoholgruppe 1 og 2 til stadane som nemnt over. I bygg kvar aktivitetar for barn og unge tek stad skal det ikkje skjenkast alkohol ein time før/etter avslutta/starta aktivitet, med mindre søkjar har andre avbøtande førebyggjande tiltak som skjermar barn og unge.

## **4. Tildeling av sals- og skjenkeløyve**

Faste sals- og skjenkeløyve, samt løyve for ulike enkelthøve vert tildelt av kommunen. Ved vurdering av om det bør tildelast løyve, kan kommunen leggje vekt på totalt tal på sals- og skjenkestader, staden sitt konsept og karakter, plassering, målgruppe, nærmiljøet og lokalmiljøet elles. Det kan også bli lagt vekt på om løyvesøkjar eller personar i tilknytning til verksemda er skikka til å ha løyve, jf. [alkoholova 1-7a](#).

### **4.1 Bevillingsperioden**

Bevillingsperioden vert gitt for inntil 4 år, og med opphøyr seinast 30 september året etter nytt kommunestyre tiltrer. Neste bevillingsperiode er 01.10.2024 – 30.09.2028. Bevillingsinnehavar er sjølv ansvarleg for å fornya bevillinga i god tid før den går ut.

Kommunen kan avgjera at bevillingar ikkje vert avslutta, men gjeld for ein ny periode på inntil 4 år. Jf. alkoholova § 1.6.

Vandelskravet knytt til skjenkestyrar og reserveskjenkestyrer vert sjekka av Bømlo kommune ved ny periode og skal ikkje vera eldre enn 4 år.

Ved søknad om fornying, eller vidareføring av løyvet vil kunnskap om korleis løyvet har vore utøva bli lagt til grunn for vurderinga. Dette kan til dømes vera brot på alkohollova, uro meldingar, konsept og aldersgrenser m.m.

## 4.2 Fyrstegongs løyve

Ved søknad om fyrstegongs sals- eller skjenkeløyve må løyvehavar, før søknaden vert handsama politisk eller administrativt, ha sendt inn følgjande dokumentasjon:

1. Fullstendig utfylt skjema henta på Bømlo kommune sine nettsider under skjema og næring, vel aktuell søknad for deg  
**Viktig** at ein fyll inn alle punkt og legg ved all dokumentasjon ein etterspør
2. I tillegg til etterspurt dokumentasjon i skjema må ein leggje ved vedlegg:
  - Teikning der ein tydeleg markerer sals- eller skjenkearealet dersom det ikkje er i planteikninga
  - Evakueringsplan og branninstruks for lokalet, den vert vidaresendt til førebyggjande avdeling for brann i Bømlo kommune
  - Skildring av verksemda si internkontroll etter [alkoholforskrifta kap. 8](#), jf. [Guide til god internkontroll etter alkohollova](#) og utfylt internkontrollskjema frå Helsedirektoratet, tilpassa eiga verksemd og konsept: [Mal: Internkontroll for skjenkestader/salsstader](#)

For å bidra til å skapa eit trygt og godt uteliv, vert det lagt til grunn for vedtak om skjenkeløyve, at løyvehavar gjer seg kjent med og tek omsyn til sine plikter gjeve med heimel i [politilova § 11](#), og [Forskrift om politivedtekter for Bømlo kommune](#) ved gjennomføring av tilbod/arrangement.

## 4.3 Løyve i kjøpesenter

For å skapa gode alkoholfrie opphaldsareal/sonar for barn og unge er det berre konseptet «Spisestad» som kan få skjenkeløyve i kjøpesenter.

## 4.4 Institusjonar

I institusjonar eller bustader med heildøgn omsorgsteneste kan det serverast alkoholhaldig drikke utan skjenkeløyve til eigne bebuarar og gjestene deira, jf. [alkohollova § 8-9](#). Servering av alkoholhaldig drikke mot betaling krev ambulerande skjenkeløyve, jf. [alkohollova § 4-5](#).

#### 4.5 Tilreisande fartøy

Tilreisande fartøy som søker om skjenkeløyve for eitt enkelt høve, må ha fast kommunalt skjenkeløyve frå heimkommunen, jf. [alkohollova § 1-7](#). Det kan i særskilte høve, etter ei konkret heilskapsvurdering gjerast unntak dersom utøving av skjenking på fartøyet ikkje er ein del av fartøyet sitt ordinære driftskonsept.

#### 4.6 Vilkår som gjeld for både faste sals- og skjenkeløyve

##### 1. Krav til løyvehavar, styrar og reservestyrrar

Styrar og reservestyrrar skal som hovudregel vera tilsett i 100% stilling. Personen må vera over 20 år og ha dokumentert kunnskap om alkohollova og føresegner gitt i medhald av den. Ein kan kun vera styrar/reservestyrrar på ein stad.

Salsstaden pliktar å melda skriftleg til kommunen utan opphald dersom styrar/ reservestyrrar sluttar. Sals- /skjenkestaden skal då søkja om godkjenning av ny styrar/reservestyrrar.

Styrar og reservestyrrar er ansvarlege for at tilsette som står for sal av alkoholholdig drikk gruppe 1 får opplæring i og har naudsynt kunnskap om det regelverket og dei lokale retningslinjene som er vedtatt for Bømlo kommune som gjeld til ei kvar tid.

##### 2. Omsettingsoppgåve

Løyvehavar skal ved årsslutt, sende inn opplysningar om faktisk omsett mengd alkohol, med godkjenning frå revisor/rekneskapsførar dersom føretaket er regnskapspliktig. Seinast 1. mars påfølgjande år skal løyvehavar sende inn opplysningar om forventa omsett mengd alkohol for inneverande år, jf. [alkoholforskrifta § 6-3](#).

Løyvegebyret skal betalast i samsvar med frist på faktura frå kommunen.

Ved opphøyr skal det sendast inn sluttoppgåve kommunen.

##### 3. Rettleiingssamtaler

Styrar/reservestyrrar for løyvet pliktar å delta i møte, samtalar og kurs, som Bømlo kommune kallar dei inn til.



#### 4. Aldersgrenser

Løyvehavar plikter å innrette drifta på ein slik måte at det ikkje kan reisast tvil om at løyvehavar overheld aldersgrensene.

## 5. Salsløyve

Kommunalt salsløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk gruppe 1. Salsløyve vert som hovudregel berre gjeve til daglegvarebutikkar. Matvarer og andre nærings- og nytelsesmiddel vert rekna som daglegvarer. Bensinstasjon og kiosk som også sel daglegvarer kan ikkje få salsbevilling, jf [§ 3-4. i alkoholforskrifta](#). Det kan i særskilte høve, etter ei konkret heilskapsvurdering, bli gjeve løyve til spesialbutikkar som t.d. ølutsal og kvalitetsmatbutikkar.

Før det vert gjeve salsløyve skal ein innhente uttale frå politi og sosialmynde, jf. [1-7 andre ledd i alkohollova](#). I Bømlo kommune vert folkehelsekoordinator, STL-koordinator og einingsleiar for NAV dei som utgjer sosialmynde. Dei skal uttale seg frå eit sosialt og helsemessig perspektiv samt er dei barn og unges talsperson i saka. Det skal takast omsyn til barn og unge i samband med tildeling av bevilling.

### 5.1 *Vilkår som gjeld for faste salsløyve i løyveperioden*

For å sikra ei forsvarleg utøving og god kontroll med dei faste salsløyva i Bømlo kommune, vert det sett følgjande vilkår:

#### 1. Salstid

Sal av alkoholhaldig drikke gruppe 1 kan skje innanfor følgjande maksimaltider:

Måndag – fredag      kl. 08:00 – 20:00

Laurdag                kl. 08:00 – 18:00

Salstida for laurdag gjeld også for alle dagar før heilagdag, unntatt dagen før Kristi himmelfartsdag. 1 mai og 17 mai, reknast ikkje som dag før heilagdag, men det er forbod å selje alkoholhaldig drikke på desse dagane.

Alkoholhaldige drikkevarer må ha passert kassen innanfor lovlege salstider. Betalinga skal skje kort tid etter og seinast 5 min etter lovlege salstider.

## 2. Sjølvbetjent kasse i butikk

Bevillingshavar eller tilsett i butikk med sjølvbetjent kasse må gjere ei konkret vurdering før ein godkjenn sal av alkohol i sjølvbetjent kasse. Sal av alkoholholdig drikk skal kun skje til personar som oppfyller lovens krav.

### **5.2 Sal av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 (høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent)**

Det skal tildelast eitt løyve for sal av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 (høgare alkoholinnhald enn 4.7 volumprosent) i Bømlo kommune, jf. [§ 3-3 i alkohollova](#) og det er til AS Vinmonopolet.

Opningstider for AS Vinmonopolet vert med heimel i [alkohollova § 3-4](#), fastsett av Departementet.

## 6. Skjenkeløyve

Skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 til 3, kan bli tildelt til følgjande konsept: Spisestad, skjenkestad med liten eller ingen matsservering, natt løyve og hotell-løyve.

Før det vert gjeve skjenkeløyve skal ein innhente uttale frå politi og sosialmynde, jf. [1-7 andre ledd i alkohollova](#). I Bømlo kommune vert folkehelsekoordinator, STL-koordinator og einingsleiar for NAV dei som utgjer sosialmynde. Dei skal uttale seg frå eit sosialt og helsemessig perspektiv samt er dei barn og unges talsperson i saka. Det skal takast omsyn til barn og unge i samband med tildeling av løyve.

### **6.1 Vilkår som gjeld for faste skjenkeløyve i løyveperioden**

For å sikra forsvarleg utøving av løyvet, tydelege ansvarlege, og gjennomføra god kontroll med dei faste skjenkeløyva i Bømlo kommune, vert det sett følgjande Vilkår:

#### 1. Krav til løyvehavar, styrar og reservestyrrar

I tillegg til krav nemnt under punkt 4.6, skal løyveharar oppfylle vilkåra i [Alkoholova § 1-7b](#) og skjenkestyrar og reservestyrar oppfylle krav gitt i [alkoholova § 1-7c](#).

Det er ikkje tillate for skjenkestyrar å konsumera alkohol og/eller vera påverka av rusmiddel under arrangementet. Det same gjeld for oppgitt reservestyrar i dei tilfelle kor personen er til stades i regi av si stilling.

## 2. Kunnskapsprøve og E-læringskurs for tilsette

Tilsette som skjenker alkohol skal ha dokumentert kompetanse om kunnskap i regelverk, gjerne i form av bestått kunnskapsprøve i alkoholova eller ved gjennomført e-læringskurs i ansvarleg vertskap som Helsedirektoratet tilbyr. Andre interne system kan også nyttast dersom dei dokumenterer at naudsynt kunnskap er gjennomgått og styrer eller reservestyrer signerer på at kompetansen er på eit akseptabelt nivå, jf. punkt 4.6 1. siste ledd.

## 3. Skjenketider

Alkoholholdig drikk	Søndag - torsdag	Fredag – Laurdag
Gruppe 1 og 2	Kl. 12:00 – 01:00	Kl. 12:00 – 02:00
Gruppe 3	Kl. 13:00 – 24:00	Kl. 13:00 – 01:00

Skjenketid for dagar nemnt under følj fredag – laurdag klokkeslett i tabell over:

1. nyttårsdag	dagen før skjærtorsdag	skjærtorsdag	langfredag
1 påskedag	2 påskedag	dagen før 1 mai	1 mai
dagen før Kristi himmelfartsdag	Kristi himmelfartsdag	dagen før 17 mai	17 mai
1 pinsedag	2 pinsedag	1 juledag	2 juledag

Det vert ikkje skilt på skjenketid innandørs og utandørs, men ein pliktar å ta omsyn til naboar og overhalda nattero på eller like attmed offentleg stad etter kl. 23:00, jf. [politivedtekter i Bømlo kommune § 2-1](#).

Løyveharar plikter å innrette drifta på ein slik måte at det ikkje kan reisast tvil om at skjenketida vert overhalde. Løyveharar eller tilsette ved ein skjenkestad kan såleis ikkje skjenke utover fastsatt skjenketid, heller ikkje til seg sjølv.

Alt konsum av utskjenkte alkoholholdige drikkevarer må opphøyra seinast 30 minuttar etter at skjenketida er slutt.

#### 4. Tilsette og vakter

Det skal til ein kvar tid vera enkelt å skilja dei tilsette frå gjestene. Vaktene skal vera godt synleg. Tal på vakter og tilsette må stå i forhold til talet på gjester. Vaktald skal til ein kvar tid utøvast i samsvar med [vaktverksemdslova](#) og krav i vedtak eventuelt uttale gitt frå politi eller brann. Vaktene og skjenkepersonell må vera over 18 år. Arrangør kan nytta ryddevakter som er under 18 år. Det er ikkje tillate for tilsette å konsumera alkohol og/eller vera påverka av rusmiddel i arbeidstida.

#### 5. Aktivitet på skjenkestad

Det er ein føresetnad at det ikkje er tillate med nokon form for pengespel i lokale der det blir skjenka alkohol i Bømlo kommune. Skjenkestaden skal ikkje leggja opp til tilbud eller aktivitetar som kan føra til auka drikkepress.

#### 6. Ulike skjenkelokal

Dersom same løyvehavar har fleire skjenkeløyve knytt til same bygg med ulikt konsept og/eller aldersgrenser, skal lokala vera fysisk åtskilt frå kvarandre og ha separate inngangar og bar område.

### **6.2 Vilkår som gjeld for utandørs skjenking i løyveperioden**

For å sikra forsvarleg drift, god kontroll og oversikt på utandørs skjenkeområde, vert det i Bømlo kommune stilt følgjande vilkår for skjenkeløyve utandørs:

- a) Skjenkearealet utandørs skal vera tydeleg fysisk avgrensa og skjenkestaden skal ha same inngangs-, alders- og sosial kontroll som på innandørs skjenkeområde.
- b) Det kan nyttast faste fysiske avgrensingar, eller avgrensingar som er festa i flyttbare fundament – likevel ikkje slik at avgrensinga lett kan flyttast av uvedkomande.
- c) Høgda på den fysiske avgrensinga skal vera mellom 80 cm og 120 cm, både for permanente- og flyttbare avgrensingar.

### **6.3. Konsept, og vilkår knytt til konseptet i løyveperioden**

For å avgrense tilgang til alkohol for mindreårige, lette kontroll med skjenkestadane og avverje skadeverknader av alkohol, set Bømlo kommune følgjande vilkår ut frå konsept.

#### 1. Spisestad

Alminneleg skjenkeløyve til serveringsstader der ein større del av omsetjinga består av servering av mat, som kaféar og restaurantar. Ved alle spisestader skal det først ein variert varmmat-/kaldmat meny. Konseptet skal tydeleg skilja seg frå serveringsstader som ikkje kan få skjenkeløyve etter desse retningslinene punkt 3.1, 3 punkt.

#### 2. Skjenkestad med liten eller ingen matsservering

Alminneleg skjenkeløyve til ein serveringsstad med liten eller ingen matsservering, slik som pubar, barar og diskotek, eller liknande som ikkje fell inn under andre kategoriar.

#### 3. Hotelløyve

Gjeld for alkoholgruppe 1 og 2, utanfor hotellet sine ordinære skjenkeområde. Stader som i denne samanheng vert definert som hotell/overnattingsstad, har minst 20 rom med dusj/bad og toalett. I tillegg må verksemda ha resepsjonsteneste og lokale der alle måltid skal kunne bli servert. For verksemder som ikkje innfrir dei spesifikke krava til hotell, kan det i særskilte høve og etter ei konkret heilskapsvurdering gjerast unntak.

For å sikra ei forsvarleg utøving av skjenkeløyvet, gjeld følgande vilkår:

Skjenkeløyve frå minibar/ roomservice/ resepsjon, til eigne gjester, kan bli gjeve under føresetnad av at løyvehavar syt for tilstrekkeleg gode rutinar og internkontroll som sikra at alkoholgruppe 3 ikkje vert servert frå minibar på tidpunkt da skjenking av slik drikk ikkje skal finne stad, og at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til aldersbestemmingane.

### **6.4 Utvida skjenkeløyve**

Verksemder med fast skjenkeløyve kan søke om å utvida skjenkeløyvet sitt til å gjelda i eit anna lokale, for andre alkoholgrupper eller klokkeslett, for eitt særskilt høve eller ein kortare periode.

Dersom det vert søkt om utvida skjenkeløyve for eit anna lokale, må lokalet vera godkjent til føremålet og dokumentasjon må følgje søknaden.

For å sikra forsvarleg utøving av løyvet i anna skjenkelokal, vert det sett følgjande vilkår:

a) Skjenkestaden må ha god internkontroll etter alkoholregelverket som skildrar og inkluderer dei enkle høva det eventuelt vert søkt om.

b) Skjenkestaden sine varer skal nyttast og omsettinga vert meldt inn i sambandmed årleg innrapportering av faktisk omsett mengd alkohol.

## 7. Skjenkeløyve for eitt enkelt høve

Nyting av alkohol på offentlig stad er forbode, også sjølv om det ikkje vert teke betaling for alkohol, jf. [alkoholova § 8-9](#).

Ein må søke om skjenkeløyve for eitt enkelt høve om ein skal ha eit arrangement som er ope for publikum i lokale utan skjenkeløyve eller utandørs på eit avgrensa område.

I skjenkeløyve for enkelt høve er det avgjerande kor lang tid arrangementet strekkjer seg over. Generelt kan det seiast at arrangement som strekkjer seg over periodar på 3-6 dagar etter ei konkret vurdering kan reknast som eit einskild høve, jf. [helsedirektoratet sine kommentarar til alkoholoven punkt 1.6.2.3](#).

Om styrar og reservestyrrar har kunnskapsprøven, opnar skjenkeløyvet for innkjøp engros, jf. [alkoholova § 1-4c](#).

### 7.1 Vilkår knytt til arrangementet

For å sikra at løyvehavar overheld alkoholregelverket og utøver løyvet forsvarleg gjeld følgjande vilkår:

#### 1. Innsendt søknad

Søkjjar må vera over 20 år. Arrangementet skal skildrast så godt at ein slepp etterspør informasjon. Type arrangement og vaktthald må vera grundig utfylt under relevant punkt i søknaden. Det er eit krav at ein utarbeidar vaktplan/liste med vaktansvarleg og fører opp kontaktpersonar som er til stades under gjennomføring av arrangementet. For større arrangement må ein i tillegg leggje ved oversiktskart, sikkerheitsplan ol.

#### 2. Skjenkestyrar og reserve styrar enkelthøve

Det skal alltid vera skjenkestyrar eller reservestyrrar som er fylt 20 år til stades på arrangementet. Ein skal i Bømlo kommune ha både styrar og reservestyrrar oppgitt i søknad ved

alle arrangement med meir enn 50 gjester, jf. [§ 1-7c. fyrste ledd i alkohollova](#). Det kan i enkelttilfelle gjerast ei individuell vurdering.

Det er ikkje tillate for skjenkestyrar å konsumera alkohol og/eller vera påverka av rusmiddel under arrangementet. Det same gjeld for oppgitt reservestyrar i tilfelle kor personen er til stades i regi av si stilling.

### 3. Forsvarleg utøving

Ved store offentlege arrangement med over 250 gjester skal både styrar og reservestyrar ha godkjent kunnskapsprøve i alkoholloven. Det kan etter ei særskilt og heilskapleg vurdering gjerast unntak dersom styrar og reservestyrar har gjennomført ansvarleg vertskapskurs.

Ved offentlege arrangement med meir enn 100 gjester oppmodar me at skjenkestyrar og/eller reservestyrar har gjennomgått [e-læringskurset ansvarleg vertsskap](#) Helsedirektoratet har utarbeida.

### 4. Arrangement for barn og unge og lokale med aktivitetar for barn og unge

Ved kulturarrangement som også er retta mot barn og unge, skal arrangementet utøvast i samsvar med Forskrift om politivedtekt i Bømlo kommune [§ 7-3](#), og det skal vera tydelege alkoholfrie sonar. Punkt 3.2 over er også relevant og skal takast omsyn til.

### 5. Tilsette og vakter

Her gjeld det same som står under punkt 6.1, punkt 4 tilsette og vakter.

## **7.2. Ambulerande skjenkeløyve**

Ambulerande skjenkeløyve – lukka lag – er knytt til private samkome som t.d. bryllaup og bursdagsfeiring, der gjester mottek ein privat invitasjon og har ein tilknytning til den som inviterer.

Ein må ha eit ambulerande skjenkeløyve dersom:

a) Ein leiger lokale som inkluderer éin eller fleire tenester frå utleigar, t.d. servering av mat, vasking av lokalet etter arrangementet og liknande.

b) Ein tek betaling for alkoholhaldig drikke.

c) Lokalet der arrangementet skal haldast, har serveringsløyve. Samkome som ikkje oppfyller lova sine vilkår for ambulerande skjenkeløyve, og såleis må søke om eit skjenkeløyve for eitt enkelthøve, vil til dømes vera:

- Vanlege medlemsmøte i eit lag eller ei foreining
- Samkome for idrettslag, klubbar, organisasjonar e.l.
- Student- og russearrangement
- Kundekveldar, mat- og vin-kurs, kunstutstillingar, VIP-arrangement
- Arrangement som har avgrensa tilgang – med t.d. påmelding, men kor det ikkje føreligg ei naudsynt tilknytning til den/dei som inviterer, t.d. venners venners fest, blåturar på skip utan fast skjenkeløyve, og liknande.

I medhald [alkoholova § 4-5](#) har kommunestyret med desse retningslinjene oppretta 10 ambulerande skjenkeløyve i Bømlo kommune.

### **7.3 Avgrensing knytt til enkeltløyve**

Dersom ein over ein kort periode søker meir enn 5 enkeltløyver eller jamleg gjennom året har meir enn 10 søknader inne om enkelthøve ynskjer Bømlo kommune at ein søker om fast skjenkeløyve.

## **8. Årsavgift for faste løyve, og gebyr for enkeltløyve**

Ved søknad om førstegongs sals- eller skjenkeløyve, skal løyvehavar opplyse om forventa omsett mengd alkohol.

Førstegongsavgifta vert satt i samsvar med [alkoholforskrifta § 6-2](#).

### **8.1 Utrekning av årsgebyr**

For faste sals og skjenkeløyve skjer utrekning av årsgebyr på bakgrunn av forventa omsett mengd alkohol, og skal forskotsbetalast.

Frist for innrapportering av forventa omsett mengd alkohol i Bømlo kommune, seinast 1. mars.



Helst ved årsslutt, og seinast 1. mars, skal løyvehavar senda inn faktisk omsett mengd alkohol for året. Det skal leggjast ved ei godkjenning av omsetnadsoppgåva frå revisor for selskap som er revisor pliktig.

Dersom det er avvik mellom opplyst forventa omsett mengd alkohol, og innrapportering av faktisk omsett mengd alkohol, føretekk kommunen eit etteroppgjer.

Alkoholavgifta vert sett i samsvar med til ein kvar tid gjeldande sats i [alkoholforskrifta §6-2](#), og skal forskotsbetalast innan frist på faktura frå kommunen.

Ved nedlegging av verksemda skal kommunen varslast utan unødige opphald. Eventuelle mellomlegg mellom oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholholdig drikk skal reknast inn i eit sluttoppgjer.

Alkoholavgifta går til å dekke kommunen sine utgifter til opplæring, sakshandsaming og kontroll med utøving av alle kommunen sine sals- og skjenkeløyve.

## 8.2. Gebyr for enkeltløyve

For sals- og skjenkeløyve for eitt enkeltløyve – opne arrangement – skal det betalast minimumsgebyr i samsvar med [alkoholforskrifta § 6-2](#). Søknad om sal og skjenking for eitt enkelthøve skal vera til eit klart avgrensa arrangement, t.d marknad, festival eller konsert.

Bevillingsgebyr for enkeltløyve skjenk er per 2024 satt til 6100kr i [§ 6-2 i alkoholforskrifta](#), men opnar opp for at kommunen kan setja eigne lågare satsar i særlege tilfelle. Bømlo kommune vel å ta i bruk dette på mindre arrangement.

Ved innvilga skjenkebevilling for enkeltløyve gjeld fylgjande satsar:

For arrangement med 100 personar eller færre:      kr. 1000

For arrangement med 100 – 200 personar:              kr. 3500

For arrangement med meir enn 200 personar:        kr. 6100

Dersom arrangementet strekk seg over fleire dagar i samband med større arrangement eller festival skal det takast gebyr for kvar av dagane, men maksimalt det bevillingsgebyret for skjenk er satt til i alkoholforskrifta § 6.2, per 2024 er stasen 6100 kr, den vert justert årleg.

Løyvegebyret skal betalast i samsvar med frist på faktura frå kommunen. For seint innbetalt gebyr kan få konsekvens for vurdering av tildeling av løyve ved ei seinare høve.

### 8.3. Ambulerande skjenkeløyve

Gebyr for ambulerande skjenkeløyve følgjer til ein kvar tid sats for slikt løyve i [§ 6.2 i alkoholforskrifta](#). Løyvegebyret skal betalast i samsvar med frist på faktura frå kommunen.

## 9. Sakshandsamingstid

Kommunen si sakshandsaming følgjer alminnelege sakshandsamingsreglene etter forvaltningslova. I samsvar med [alkoholova § 1-11](#), må det for faste løyve påreknast ei sakshandsamingstid på inntil 4 månader. Handsaming av søknader om sal- eller skjenking for eitt enkelthøve kan ta kortare tid.

Sakshandsamingstida gjeld frå den datoen all påkravd dokumentasjon har kome inn til kommunen, til vedtak vert fatta, jf. [forskrift til forvaltningslova § 38](#). Dersom det under sakshandsamingstida vert lagt fram nye opplysninger som kan få betydning for vedtaket i saka må det påreknast at sakshandsamingstida vert utvida.

Det skal i samsvar med [alkoholova § 1-7](#), andre ledd, hentast inn høyringsuttaler frå politi- og sosialmynde innan det vert fatta vedtak om sals- og skjenkeløyve. I Bømlo kommune vert førespurnad om uttale sendt til folkehelsekoordinator, SLT-koordinator, einingsleiar ved NAV og politi. Det kan også bli bede om uttale frå andre mynde.

### 9.1. Pårekna sakshandsamingstid for ulike sals- og skjenkeløyve

Søknader vert handsama fortløpande og sakshandsamingstida forutsett at naudsynte godkjenningar og uttaler kjem innan satt frist.

Faste sals- og skjenkeløyve / Skjenkeløyve for ein bestemt del av året Sakshandsaming tida kan verta kortare om alle naudsynte dokument ligg vedlagt søknad	Inntil 3 månader
Utvida skjenkeløyve for eitt enkelthøve – anna klokkeslett	Inntil 2 veker
Utvida skjenkeløyve for eitt enkelthøve – anna alkoholgruppe/alder	Inntil 2 veker
Utvida skjenkeløyve for eitt enkelthøve – anna skjenkelokale Sakshandsamingstida kan verta kortare dersom arrangementet på førehand er meldt inn til politiet, Bømlo brann og redning og teikning av skjenkelokal ligg vedlagt søknad	Inntil 6 veker
Utvida skjenkeløyve til innføring/produksjon/skjenking	Inntil 3 månader
Utvida salsløyve til innføring/produksjon/sal	Inntil 3 månader
Skjenkeløyve for eitt enkelthøve.	Inntil 4 veker

Sakshandsamingstida kan verta kortare dersom arrangementet på førehand er meldt inn til politiet og Bømlo brann og redning	
Ambulerande skjenkeløyve	Inntil 2 veker

Søknader som kjem inn etter den pårekna sakshandsamingstid, kan ikkje rekna med at kommunen rekk å fatta vedtak innan planlagt oppstarts- eller arrangementsdato.

## 10. Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve

NoRuSun er eit kommunesamarbeid administrert av Sauda kommune som utfører kontroll med dei faste sals- og skjenkeløyva i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Kontrollane vert gjennomført etter ein nærare fastsett plan og det er to årlege samarbeidsmøte med samarbeidskommunane.

Kommunen har sjølv ansvar for utføring av kontroll med dei kommunale enkeltløyva til sal og skjenking, jf. [alkoholforskrifta § 9-1](#). Kommunen kan også gjennomføra dokumenttilsyn t.d. med sosiale medium, sjekke om det er manglar i internkontrollhandboka, om omsetjingsoppgåva er levert, eller om omsetjingsgebyr er betalt.

Dokumentert brot på alkoholregelverket skal føra til tildeling av prikk i medhald av [alkoholforskrifta § 10-3](#). Vedtak om prikktildeling vert rapportert fortløpande som referatsak til Formannskapet.

### 10.1. Rapportering

Kommunen må leggje inn, og halda ved like, opplysningar om alle løyvehavarar i HelseDirektoratet sitt bevillingsregister, jf. [alkoholforskriften § 13-3](#).

Folkehelseinstituttet samlar årleg inn opplysningar om kommunen sine sals- og skjenkeløyve og forvaltninga knytt til desse, jf. [alkoholforskrifta § 7-3](#).

## 11. Ved brot på alkohollovregelverket

Ved overtredelser som nemt i [alkoholforskrifta § 10-3](#) skal kommunen tildela løyvehavar eit bestemt antal prikkar, jf. [alkoholforskrifta § 10-2](#).

### 1. Prikktildeling

Tildeling av prikkar er eit enkeltvedtak, jf. [forvaltningslova kap. V](#).

Tildelte antall prikkar kan takast med i vurderinga om ein løyvehavar må søka om fornying ved utløp av løyveperioden.

### 2. Inndraging av løyve

Kommunen kan i løyveperioden inndra sals- og skjenkeløyve for eit kortare tidsrom, eller for resten av løyveperioden, jf. [alkohollova § 1-8](#).

Inndraging av sals- eller skjenkeløyve er eit enkeltvedtak, jf. [forvaltningslova kap. V](#).

### 3. Klagehandsaming

Før klagesaker etter [alkohollova § 1-16](#) vert sendt til Statsforvalteren til avgjerd, skal kommunestyret ha høve til å vurderer den avgjerda som vert påklaga.